

Samandrag - Årsmelding OIL Fotballgruppa

Styret har i 2012 bestått av:

Leiar: Eirik Bergan

Nestleiar: John Erik Jørgensen

Sekretær: Roald Martinsen

Kasserar: Tore Langeland

Leiar, sportsnemnd: Stein Roar Evensen

Leiar, salsnemnd: Mette Hannisdal

Materialforvaltar: Jørn Fjellskålnes

Leiar sponsornemnd: Ronny Laastad

Medlemstalet for gruppa har vore om lag 350 dette året. I tillegg til seriespel har dei forskjellige laga deltatt på ulike cupar.

Eit av hovudmåla i Osterøy IL sin strategiplan er å behalde utøvarane etter at dei er fylt 16 år. Dette er eit mål fotballgruppa òg jobbar mot. Ved etablering av både eit senior damelag og eit B-lag på herresida har fotballgruppa opplevd auke – ikkje nedgong – av aktive utøvarar over 16 år. Dame- og B-lag er soleis viktige satsingsområder for fotballgruppa mhp rekruttering. Signaleffekten desse laga har nedover i systemet er udelt positiv, og me vil gjerne behalde dette tilbodet.

Sportsleg: Det vart eit godt år sportslig sett. Gode presentasjonar av alle våre aldersfastsett lag. Aktiviteten i Fugledalen har vore stor. A-laget vann si avdeling, og vart i tillegg kretsmeister i 5 divisjon. Me haustar no fruktar av ”heimespøta-spelar-strategien” klubben har hatt dei siste åra. Mannskapet består utelukkande av spelarar frå Osterøy, og det er ei ung gruppe me vonar å behalde dei komande åra. Sportsnemnda, med leiar Stein Evensen spissen, har nok eit år lagt ned ein innsats som gjer at det er enkelt å vere trenar, tillitsvald og spelar i klubben.

Anlegg: Utstyr for vedlikehold av både gras- og kunstgrasbane er på plass – og i bruk – av ei nokså velfungerande banenemnd.

Miljø- og klubb-bygging: Det er i løpet av sesongen 2012 arrangert 4 impulssamlingar/trenarforum i Fugledalen. Desse har vore variert antall frammøtte på. Påfølgande klubbkveld på Osterøykroa har derimot samla mange aktive og tillitsvalde.

Økonomi: I henhold til strategiplan jobbar styret i fotballgruppa kontinuerleg med å sikre at gruppa skal ha ein sunn og god økonomi. Me har i løpet av 2012 erfart at det kostar pengar å oppretthalde eit såpass breidt tilbod. Spesielt tilvekstane i seniorfotballen har påført klubben ekstra kostnad. Sponsornemnda, leia av Ronny Laastad, har gjort sitt til at me møter dei auka kostnadane på tilfredsstillande måte. Auke i treningsavgifta gjer òg at me kan oppretthalda ønska aktivitetsnivå.

Av inntektbringande arrangement kan den årisse Ribbecupen nemnast. I 2012 arrangerte me dessutan fotballskule i haustferien, noko me vil halda fram med. Økonominemnda, leia av Mette Hannisdal, har gjort ein god jobb med lotteri og kiosksal. Kiosken ved kunstgrasbana har våre open ved alle kampar.

Gruppa vil i 2012 få et underskot på ca 86.000 kroner. Styret reknar ikkje dette som kritisk. Det er god kontroll på kostnadene i gruppa. Underskotet kjem som eit resultat av at ein betydeleg del av sponsorinntektene er komen i form av nye spelardrakter til alle lag.

En stor takk til alle som har deltatt i det arbeidet som er lagt ned i alle ledd.

Eirik Bergan

Formann OIL Fotballgruppa